



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jan Torry Sande	FA-A22	18/529

Saksnr	Utval	Type	Dato
038/19	Formannskapet	PS	09.04.2019
026/19	Kommunestyret	PS	23.04.2019

Vedtekter for SFO - revisjon 2019

Vedlegg:

sak om vedtekter sfo fedje kommune (L)(9783)

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I FEDJE KOMMUNE - revidert 2019

Møte 02-20182019 - referat

Saksutgreiing:

Bakgrunn

SFO-vedtektene vart sist handsama i 2015 (kommunestyresak 015/15).

Vurdering

Fedje kommune ønskjer å revidere SFO-vedtektene av di dei er for omfattande og vanskeleg å nytte i dagleg arbeid.

Forslaget til nye vedtekter er på to sider. Dette er noko kortare enn gjeldande vedtekter. Nedkortinga er gjort for å gjere vedtektene lettare å lese. Dette er i tråd med punkt **3. Formål** i forslag til nye vedtekter - dei bør vere lett å lese og forstå både for leiing, tilsette og foreldre.

Tilbodet i SFO skal vere i tråd med med opplæringslova §13-7 (SFO), kapittel 9 a (skulemiljø) og § 10-9 (politiattest), som definert i punkt 2 i forslag til nye vedtekter.

Det er ikkje lagt inn eit minimumskrav om tal på påmeldte born for at tilbodet skal opprettast. I gjeldande vedtekter frå 2015 er formuleringa slik: § 11 – d) Gruppestørrelse er MINIMUM 3 born for at ein skal opprette tilbod i denne økta. Aktuelle økter er 07.15 – 08.20, ordinær skuleslutt – 15.15, og 15.15 – 16.00. På skulefrie dagar er det ei økt frå 08.20 – ordinær skuleslutt.

Formuleringa vart presisert i vedtaket:

Presisering av forståing/ordlyd §§ 10 og 11 i vedtekter for SFO – kommunestyret 18.juni 2015

- Ytre rammer for SFO tilbodet i SFO på Fedje er kl 0715 – 1600 (uavhengig om det er skule eller ferietid)
- Det må vere 3 eller fleire born for at tilbodet vert oppretta.
- Betaling skjer pr dag – uansett kor mykje av dagen ein vel å bruka.

Argument for ikkje å ha eit minimumskrav er å gjere tilbodet føreseieleg for folk i småbarnsfasen som bur på Fedje, eller har tenkt å flytte hit. Det kan vere avgjerande for familiar at det er eit føreseieleg SFO-tilbod. Små barnekull vert eit trugsmål mot tilbodet om det er eit minimumskrav på 3



Fedje kommune

born. I opplæringslova står det at «Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1. -4.klassetrinn,....». Det er mogeleg å argumentere for at dette tilbodet ikkje er reelt med eit slikt minimumskrav, på grunn av små barnekull her.

Forslaget til nye vedtekter er eit forsøk på eit rammeverk tufta på SFO, slik praksis er i dag. Så er det lagt opp til to endringar:

I gjeldande vedtekter står det at det berre er elevar som har fast plass i SFO som kan tinge «tidleg SFO». Alle elevar i 1. til 4.klasse bør få mogelegheiter til å tinge «tidleg SFO», ikkje berre dei som har fast plass. Det var også stor semje om å gå inn for denne endringa i SAU-møte 28.03.19.

I gjeldande vedtekter står det at det skal vere eit minimumskrav på tre påmeldte born for å opprette tilbod. Rådmasnnen tilrår at minimumskravet fell bort. Denne endringa er tatt med i forslaget til nye vedtekter.

Slik praksisen er i dag vil ikkje ei slik endring føre til auka personalkostnader. Slike endringar vil gjere SFO-tilbodet meir tilgjengleg for alle involverte familiar.

Betalingssatsar er ikkje lagt inn i vedtektene då dei vert revidert årleg i samband med budsjetthandsaminga. Gjeldande satsar skal vere tilgjenglege på kommunen sine informasjonskanalar.

Folkehelse: Eit godt SFO-tilbod er viktig for busetnad og trivsel på Fedje.

Miljø: Ikkje relevant for denne saksutgreiinga.

Økonomi: Tilbodet slik det vert definert i nye vedtektene fører ikkje til auka utgifter utover dagens nivå.

Konklusjon

Vedtektene er korta ned frå fire til to sider, for å gjere dei lettare å lese og forstå.

Minimumskravet om at «Det må vere 3 eller fleire born for at tilbodet vert oppretta» fell bort. Kravet om at «Tilbodet før skuletid gjeld ungar med fast plass» fell og bort.

Eit godt, og føreseieleg, SFO-tilbod på Fedje er viktig for busetnad og trivsel.

Forslag til vedtak:

Rådmannen sitt forslag til «Vedtekter for skulefritidsordninga i Fedje kommune» vert vedteke slik dei ligg føre.

Formannskapet - 038/19

F - behandling:

Rådmannen v/ rektor føreslo munnleg i møtet å stryke setninga " Dette opptaket definerer tilbodet for det påfølgjande skuleåret" i punkt 6.

F - vedtak:

«Vedtekter for skulefritidsordninga i Fedje kommune» vert vedteke slik dei ligg føre med følgjande endring: stryke setninga " Dette opptaket definerer tilbodet for det påfølgjande skuleåret" i punkt 6.



Fedje kommune

Kommunestyret - 026/19

K - behandling:

Felles endringsframlegg (tillegg til formannskapet si innstilling):

Punkt 4a: Ekstra setning til slutt: Om det er tinga tidleg-SFO kan andre born og nytte tilbodet dersom det er bemanning til det.

Punkt 4c: Ekstra setning til slutt: SFO kan og samarbeide med barnehagen og nytte areala der.

Punkt 4g: Ekstra setning på byrjinga: SFO har sommaropent, og samarbeidar med barnehagen i sommarferie. Borna i SFO skal ha tre veker samanhengande sommarferie i skuleferien.

Punkt 7: Siste avsnitt: Om ikkje plassen vert sagt opp, er plassen tildelt fram til siste SFO-dag i det skuleåret barnet er ferdig i 4.klasse. Nytt SFO-år startar etter tre siste heile veker i juli.

Punkt 8: Vert endra til: Kommunestyret fastset foreldrebetaling. Gjeldande prisar skal publiserast på Fedje kommune sine heimesider. Kommunen, ved rådmann, står for innkrevjing. Det vert gjeve søskenmoderasjon: 30% på born nr 2, 50% på born nr 3. Det vert gitt moderasjon i tråd med reglane for redusert foreldrebetaling i barnehagen. Fedje kommune, ved rådmannen, kan og ilegge gebyr når borna ikkje vert henta til avtalt tid. Gebyret vert ilagt for kvar påbyrja halvtime. (Med dette utgår punkt 4 e)

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

Tove Nordseth (Krf) bad om utsetjing av punkt 4g. Utsetjinga vart vedteke med 9 mot 5 røyster.

Erling Walderhaug (H), Inge Waage (Frp) og Arbeidarpartiet sine tre representantar røysta mot utsetjingsframlegget.

Dei andre endringsframlegga vart vedteke samrøystes.

K - vedtak:

«Vedtekter for skulefritidsordninga i Fedje kommune» vert vedteke slik dei ligg føre med følgjande endringar:

- stryke setninga "Dette opptaket definerer tilbodet for det påfølgjande skuleåret" i punkt 6.

Punkt 4a: Ekstra setning til slutt: Om det er tinga tidleg-SFO kan andre born og nytte tilbodet dersom det er bemanning til det.

Punkt 4c: Ekstra setning til slutt: SFO kan og samarbeide med barnehagen og nytte areala der.

Punkt 7: Siste avsnitt: Om ikkje plassen vert sagt opp, er plassen tildelt fram til siste SFO-dag i det skuleåret barnet er ferdig i 4.klasse. Nytt SFO-år startar etter tre siste heile veker i juli.

Punkt 8: Vert endra til: Kommunestyret fastset foreldrebetaling. Gjeldande prisar skal publiserast på Fedje kommune sine heimesider. Kommunen, ved rådmann, står for innkrevjing. Det vert gjeve søskenmoderasjon: 30% på born nr 2, 50% på born nr 3. Det vert gitt moderasjon i tråd med reglane for redusert foreldrebetaling i barnehagen. Fedje kommune, ved rådmannen, kan og ilegge gebyr når borna ikkje vert henta til avtalt tid. Gebyret vert ilagt for kvar påbyrja halvtime. (Med dette utgår punkt 4 e)

Samrøystes vedteke.